



## Høyring på NOU:2015:2

**Time kommune** har følgjande kommentarar til dei 7 hovudprioriteringane i ein ny mobbepolitikk.

### **1. Ei stor satsing på inkluderande skulemiljø**

Vi støttar satsinga på skulebasert kompetanseutvikling i høve til psykososialt skulemiljø, førebygging og handtering av krenkingar, mobbing mm.

Vidare støttar vi at det blir utarbeidd ein plan for implementering og eit nasjonalt rammeverk som alle skular må forhalda seg til.

Det er og behov for auka kompetanse i høve til regelverk og etterleving av dette.

### **2. Endring av opplæringslova kap.9a**

Vi støttar at retten til eit trygt psykososialt skulemiljø utan krenkingar handlar om barn sine grunnleggjande rettigheter. Vi støttar at det er barnet sin subjektive oppleving som definerer om det er snakk om krengingar – og ar det skal vera nulltoleranse mot mobbing. Vidare støttar vi at skuleeigar har plikt til å setja inn tiltak for å fremma eit trygt psykososialt miljø.

Vi støttar forslaget om aktivitetsplikt og plikt til å høyra eleven og foreldra.

### **3. Styrka handheving av opplæringslova**

Vi støttar at kapittel 9a blir tydelegare med tanke på at skuleeigar og skulen sine plikter kjem klart fram. Vi støttar også at handhevinga av lova må bli styrka, og at barneombodet blir klageinstans. Vi er samde i at barneombodet kan påleggja administrative reaksjonar og sanksjonar om skuleeigar ikkje har gjort nok for å stoppa krenkingar. Når det gjeld tvangsmultk og gebyr, støttar vi ikkje det. Skular og skuleeigarar som ikkje følgjer lova, må få heller få pålegg om kompetanse og implementering av ny kunnskap.

### **4. Målretta innsats** – Vi støttar dei forslaga som er lagt fram, men det må koma støtte til skuleeigar for at ein skal kunna gjennomføra alle tiltaka.

### **5. Styrking av skuleeigarskapet** – både gjennom presisering av ansvar og kompetanseutvikling. Dette støttar vi.

### **6. Eit lag rundt eleven**

Vi støttar at det er behov for å styrka det lokale støtteapparatet. Viktig at PP-tenesta sitt mandat blir endra til å gjelda det psykososiale miljøet til alle elevar, og at PP-tenesta får tilført fleire årsverk. Det same gjeld for sosialpedagogisk rådgjeving- denne ressursen bør aukast, og vi støttar at rådgjevinga får ein meir førebyggjande funksjon. Det same gjeld for skulehelsetenesta. Å sikra eit godt oppvekstmiljø er eit samfunnsansvar – og andre sektorar bør også involverast.

### **7. Ny forsking på kunnskapssvake område**

Vi støttar forslag om ny forsking på tiltak som verkar. Time kommune har brukt Olwesuprogrammet i alle skular i meir enn 10 år, og brukar også systemet for kvalitetssikring som er utvikla av Olwesuprogrammet.

Det viktigaste i NOU:2015:2 meiner vi er forslaget om satsing på skulebasert kunnskap som skal gjelda alle skular, samt aktivitetsplikt i høve mobbing og trakassering.

Det er også svært viktig at det blir satsa meir på å byggja eit lag rundt eleven- der både ppt, sosialpedagogisk rådgjeving og skulehelseteneste blir prioritert.

[WWW.TIME.KOMMUNE.NO](http://WWW.TIME.KOMMUNE.NO)

